



**Skjåk kommune**  
**Plan, samfunn og miljø**

Skjåk Røde Kors Hjelpekorps

2690 SKJÅK

**Delegert vedtak**

**Vår ref**  
2013/23/13/K12

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Tor Taraldsrud  
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

**Dato**  
09.02.2013

**Saka gjeld: Snøscooter øving Reinheimen nasjonalpark - Skjåk Røde Kors Hjelpekorps**

**Saksopplysning:**

Søknaden:

*Hei.*

*Skjåk Røde Kors søker om og få kjøre snøscooter i forbindelse med trening/øvelse i området Billingen-Tordalen-Torsvatnet-Veltdalshytta-Grotli.*

*Det er i dag mange medlemmer som ikke har erfaring med snøscooter kjøring i ulendt terreng som vi finner mye av i Skjåk, og at dette området er veldig aktuelt i forbindelse med redningsoppdrag.*

*Vi håper at dette lar seg ordnes så vi kan opprettholde en god sikkerhet for våre egne, og turister som ferdes i fjellet.*

*Vi har ikke satt noen dato når dette er ønskelig for vi ønsker godt vær så vi blir kjent i området, men i løpet av februar/mars.*

*Mvh*

*Jan Martin Kveum*

*Janus007@online.no*

*Tlf 92402621*

*Skjåk Røde Kors Hjelpekorps*

**Vurdering:**

Området der Skjåk Røde Kors Hjelpekorps ønsker å ha øving ligg innanfor Reinheimen nasjonalpark.

Hovudregelen er at ein ikkje skal ha øvingar og kjentmannskøyering i verneområda. Det er derfor ynskjeleg at øvingar blir lagt til andre område. Det er og krav om ein årleg plan for

**Postadresse**  
2690 Skjåk  
**E-post:** post@skjaak.kommune.no

**Heimeside**  
www.skjaak.kommune.no

**Telefon**  
61217000  
**Telefaks**  
61217001

**Bank**  
2085.07.40004  
**Org.nr**  
961381096

øvingsverksemda godkjend av politimeisteren. I forvaltningsplanen for Reinheimen NP er det skreve fylgjande om øvingar:

#### 4.7.2 Retningslinjer

##### **Løyve etter søknad**

*Øvingar m.m. § 3, pkt 6.3 a, jf. 6.2 a.*

*Søknader om motorferdsel i samband med forsvaret, andre offentlege etatar og hjelpekorps sine øvingar skal inngå som del av ein årleg plan for øvingsverksemda. Formålet med øvingane, talet på personar og køyretøy, bruk av anna utstyr og øvingsområde skal framgå av søknaden. For hjelpekorps gjeld at planen skal vere godkjend av politimeisteren slik det fylgjer av retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av01.03.99. Vedlegg). Alle søknader om kjentmannsskøyting skal vurderast med omsyn til verneverdiane, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk ihjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy ved til dømes ski og fotturar. I samband med at hjelpekorps tek på seg kvisting av skiløyper bør ein nytte høvet til å gjere nye mannskaper kjent i områda.*

Skjåk Røde Kors Hjelpekorps har allereie fått løyve til kvisting av skiløyper i det området der dei har søkt om øving. Dei har fått løyve til å bruke inntil fire snøscooterar samtidig. På denne måten har dei fått moglegheit til å gjere nye mannskaper kjent i dette området.

Generell øving med bruk av snøscooter bør ikkje gjerast i verneområda.

Skjåk kommune ser stor verdi av å ha ei godt øvd redningsgruppe som Skjåk Røde Kors Hjelpekorps i kommunen og ynskjer å legge til rette for at dei kan skaffe seg nødvendig trening. Vi ynskjer at dette i størst mogleg grad skal skje utanom verneområda.

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Tiltaket er vurdert i forvaltningsplanen, og ein bør som hovudregel finne områder utanom verneområda til øving.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt, vedtak kan fattast på bakgrunn av eksisterande kunnskapsgrunnlag.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: I Reinheimen nasjonalpark er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktylt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Motorferdsel skal haldast på eit minimum.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyretøy ved til dømes ski og fotturar.

**Vedtak:**

Skjåk Røde Kors Hjelpekorps får ikkje løyve til halde øving innan Reinheimen nasjonalpark. Vedtaket er gjort med bakgrunn i verneforskrifta for Reinheimen § 3, pkt 6.1.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.*

Med helsing



Tor Taraldsrud  
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN  
FM Oppland  
KUR  
Lesja kommune  
Lom kommune  
Norddal kommune

Rauma kommune  
Vågå kommune  
SNO-Skjåk  
SNO-Åndalsnes  
Skjåk Almenning